

I steinens rike - Tucson 91

Tucson 91 er over. For ein time sia stengde hallane i Convention Center, og mineralhandlarane pakkar Stein i boksar og flats. Mange av romma på motella rundt var tome alt i går kveld, og tunge regnskyer skræmde prisane til dei mange seljarane på gatene ned eit hakk før tida. -Eg sit alt på flyet mot Los Angeles og ser ørknen brette seg ut under meg i brunt og svart. Frå L.A. er det 101/2 trongbeinte timar til København, det er tid til å summere opp:

Hovudhallen i Convention Center er betydeleg utvida dei siste to åra, både detaljistar og grossistar held til på ei flate. Dette sjølve "main show-wet" går berre over 4 dagar, det er utstillingane på dei 11 motella rundt som tjuvstartar opp til veker føreåt. Siste veka er det full fart også på gater og bensinstasjon, og 2 store marknadsplassar har fått digre sirkustelt. I alt er noko over 1300 forhandlarar registrert på desse 14 lokalitetane, dei fleste i rimeleg gangavstand frå Convention Center. I tillegg går det gratis pendlarbuss runt mellom motella. Gatehandlarane er talrike som tromlastein og kjempar om dei beste salgsplassane på gatehjørna og med dei altfor få toaletta. Utvalet spenner frå deodorant-stein (ja, du las rett!) til verdens eldste bergart som kjem frå ein utpost nordst i Canada og kostar 15 \$ for ei 10-grams prøve. Ikke verst kilopris forgneis, det! Elles har vaskeekte (?) afrikavarar med handskorne tremasker og heimestrikkja bastkorgar forskansa seg bak indianartelta der dei sel ekte revolverar til edruge kjøparar over 18 år - og postkort av den siste mohikanar til alle oss andre. -I dårlege tider, heiter det, lever mineralhandlarane av å selja Stein til kvarandre. Det har vore mindre folk enn i fjer, seier bestemor som grev Herkimer Diamonds heile året på andre sida av dette enorme kontinentet og sel dei her i februar. Men nok til at ho vil koma att neste år og: Kva skulle ho elles gjera med alle dei små, funklande kvartskrystallane? Rashid frå Afgah-

nistan har ikkje heilt fått det til i år og slepper på meg ein heil neva med aquamarinkrystallar for 50 \$. For den prisen får det ikkje hjelpe om dei er både sundslått og skoddete.

Tucson er eit FN i miniatyr der mørknadskrefte-ne når fritt. Og amerikanaranane flest har liten sans for taparar. Dette speglar seg att i prisen på mineral. For det fyrste skal stuffane vera perfekte, utan skadar og slagmerke. Og for det andre skal dei helst vera av kjende mineral frå vel omtalte forekomster. Da er prisane til gjengjeld skyhøge, gjerne 2-5 gonger så høge som heime. Men dette systemet gjer det vanskeleg å koma inn med ting dei ikkje kjenner, dvs. det som ikkje er anatas, sòlv eller zirikon - frå vårt land. Konsekvensen blir: skal du selja eller bytte godt i USA, sørge for å skriv ein artikkel først om det du har funne, eller få det omtalt i eit kjent mineralmagasin!

Men, attende til mineralborda i Tucson: Samlarar som sel sjølvfunne mineral held stort sett til på gatene eller har leigj seg eit rom på motell. Nokre få av handlarane i Convention Center er også "field collectors", dei driv mineralforekomster sjølve eller kjøper (med einerett) det som kjem ut frå gruver i drift. Men biletet er langtifrå eintydig. Ein del firma syrgjer for å ha seljarar på alle nivå. Best som du trur å ha kome fram til den som opphavelig gjorde funnet - oppdagar du at du er huka av ein flink agent som underbyr sin eigen arbeidsgivar. Konkurranse er

som kjent sundt, og ingenting så sundt som å konkurrere med seg sjølv! Healingbylgja er på retur i USA, og kvarts har dette dramatisk i pris. Massevarer som amethyst, agat og pyritt er også rimelegare enn før. Elles er prisskilnadane enorme, opp til ein tigang for same materialet av same kvalitet. Så her gjeld det å halde tunga rett i munnen når du kjøper inn.

Stol og stiv vaklar eg gjennom tollen på Fornebu som forlangar at eg sleper pappkartongane mine vidare til Lillehammer! Og temmeleg fort oppdagar eg at det dyraste

med å handle i Tucson står ennå att: Å få varene vel ihus frå seljarar langt borte. Trudde eg hadde vore lur og greidd meg unna alle fallgruber denne gongen heilt til eg studerte fraktrekningane: Det som var £ (1 £ er 0,44 kg) i USA hadde vorte kg undervegs - altså 1,2 ganger for mykje i frakt!

Det er blå himmel over Lom og nyskotne tunnellar vestover... Ein ny feltsesong står for døra med nye myglegeheter. Velkommen til steinens fasinerande verd!

Torgeir T. Garmo

Lite og pent bruk steinslipermaskin selges.

Ring 065 90 058 for nærmere opplysninger

STEINHAUGEN

Mineral Galleri – Rock Shop

Storgt. 15, 1500 Moss – Tlf. (09) 25 19 63

NORSK STEINSENTER

Strandgaten, 4950 Risør. Tlf. 041-50 096 Fax: 041-52 022

Smykkefatninger ekte
og uekte

Cabochoner og tromlet
stein i mange typer og
størrelser

Ferdige smykker
gaveartikler

Agatartikler

Klebersteinsartikler

Etc, etc.

ENGROS



VI SENDER
OVER HELE LANDET

Steinsliperutstyr
Geologiverktøy
UV-Lamper
Foldeesker
Verktøy
Råstein
Bøker
Tromlemaskiner
Etc, etc.

DETALJ